



Møteinnkalling

Utval: SOGN REGIONRÅD

Møtestad: Klingenberg Hotel, Årdalstangen

Møtedato: 12.09.2014

Tid: kl 0900

Eventuelt forfall skal meldast til telefon 57 62 96 14 - Varamedlemmar møter etter nærare avtale.

Dagsorden

- 0900 Oppmøte
Godkjenning av innkalling og sakliste
Godkjenning av protokoll frå møtet 24.6.2014
Handsaming av saker i Sogn regionråd
- 1100 Pause
- 1110 Læringsplassar – status. Korleis styrka tilbodet om læringsplassar?
Per Jørgen Loen, opplæringsavdelinga, Sogn og Fjordane fylkeskommune
- 1145 Lunsj
- 1230 Nye driftsavtaler med Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane frå 2015
Anne-Marie Førde, direktør Musea i Sogn og Fjordane
- 1310 Fylkesprosjektet «Felles innsats for samfunnsdeltaking og inkludering» med tanke på
både flyktningar og arbeidsinnvandrarar
Knut Eithungjerde, NAV, Thorvald Røneid Moen, Fylkesmannen og Jan Ryste, KS.
- 1340 Strategi for arbeidet med EØS-saker i Sogn og Fjordane
Jan Ryste, KS.
- 1350 Vel heim!

Sakliste

Saksnr.	Arkivsaksnr. Tittel
19/14	14/2874-1 Partnerskapsavtale om psykisk helse - System for styrka læring
20/14	14/2856-1 Budsjettramme for 2015 Sogn regionråd
21/14	14/2140-2 Redusert postombering i distrikta - oppfordring om økonomisk stønad
22/14	14/2758-2 Investeringar ved Sogn jord- og hagebruksskule - medfinansiering
23/14	14/746-7 Orienteringssaker

Sogndal, 1.9.2014

Harald Offerdal
leiar

Karina Nerland
dagleg leiar

Sogn regionråd

Saksh.: Claus Røynesdal
Arkivsak: 14/2874

Arkiv: A20 &01

Saksnr.: Utval
19/14 Sogn regionråd

Møtedato
12.09.2014

Sak 19/14

Partnerskapsavtale om psykisk helse - System for styrka læring

Tilråding:

Sogn regionråd vedtek framlegg til partnerskapsavtale om psykisk helse slik den ligg føre.

Vedlegg:

Framlegg til partnerskapsavtale om psykisk helse
Program regionalt fagnettverk psykisk helse 23.03.2014

Saksutgreiing:

Den 7. mai 2014 vedtok Sogn regionråd "Overordna programplan" for System for styrka læring. I programplanen frå 2013 – 2021 har vi seks program/ strategiområde;

1. Systemisk læring/ lærande organisasjon (mellom anna fagnettverk skule/bhg)
2. Motivasjon og meistring (ungdomstrinnsatsinga)
3. Entreprenørskap
4. Psykisk helse
5. Tidleg innsats
6. Vurdering for læring

Vi kan ikkje setje i verk alle desse områda samstundes, og har prioritert dei fire fyrste områda. Her er vi komne i gang, både med vidare framdrift av etablerte fellestiltak som fagnettverk for barnehagane og skulane, samt entreprenørskapsmesser for ungdomsskulane. Ungdomstrinnsatsinga er i start- og utviklingsfasen.

Ei så kompleks utfordring som barn og unge si psykiske helse krev samordna og koordinerte tiltak på fleire område. Forsking syner at 15 – 20% av alle ungdomar har psykiske problem som går ut over deira fungeringsevne. Dette kan ikkje løysast av den einskilde barnehage, skule eller kommune åleine. Her må fleire aktørar medvirke, i eit forpliktande og langsiktig samarbeid.

Psykisk helse handlar ikkje om faga i skulen, men om relasjonar og elevane sitt psykososiale læringsmiljø. Fokus er å styrke læringsmiljøet og læringsfellesskapet i klasseromma. Det handlar konkret om å styrke elevane si sosiale kompetanse,

sjølvvinnst og kjensle av meistring. Psykisk helse handlar om korleis barna og elvane har det; kjensler, tankar og handlingsmønster.

Gjennom System for styrka læring har Sogn regionråd fire overordna tiltak på dette området:

1. Regionalt tverrfagleg fagnettverk. Etablert fyrste gong i 2012. Døme på program ligg ved.
2. Regional plan for arbeid med psykisk helse i barnehagar og skular. Dette er hovudmålet med partnerskapsavtalen og det tilhøyrande forskingsprosjektet.
3. Forsking på effekt av konkrete verktøy i klasseromma i Sogn. Her har fire skular delteke i eit forprosjekt. Målet er at forprosjektet skal utvidast til eit P.hd prosjekt i regi av Sogn regionråd og partnerskapen.
4. Kollektiv opplæring av personalet på arbeidsplassen i bruk av verktøy. Målet er at alle skular og barnehagar skal få opplæring i bruk av gode verktøy for personalet. Så langt har Tangen skule, Farnes skule, Aurland barne- og ungdomsskule, Flatbygdi skule, Leikanger ungdomsskule, Leikanger barneskule, Norane oppvekstsenter og Kvåle skule gjennomført eller er i gang med gjennomføring av kursing på arbeidsplassen. Sogn regionråd dekkjer kostnadene til opplæring, gjennom ekstern finansiering og eigendel. Tilbodet er gratis for skulane og barnehagane.

I skuleåret 2013 - 2014 gjennomførte vi eit forprosjekt knytt til verktøyet ”Psykologisk førstehjelp” på Tangen, Farnes, Aurland barne- og ungdomsskule og Flatbygdi skule. Forprosjektet vart finansiert av Regionalt forskingsfond med kr 200 000 og Sogn og Fjordane fylkeskommune med kr 50 000. Prosjektet vart utført av forskar Solrun Samnøy frå Regionalt kunnskapssenter barn og unge (RKBU Vest), i samarbeid med HEMIL-senteret ved UiB. Barnehagane i regionen vart orientert om prosjektet på styrarsamlinga 10. juni 2014.

HEMIL-senteret ved Universitetet i Bergen tek initiativ til, koordinerer og gjennomfører forskning innan førebyggjande og helsefremhande arbeid, relatert til utdanning og livsstil. Regionalt kunnskapssenter for barn og unge har spesielt fokus på psykisk helse og barnevern. Målet for RKBU er å bidra til forskning, formidling, utdanning og utvikling av kunnskap som styrker tverrfagleg innsats for barn og unge si psykiske helse. RKBU er knytt til UiB, og mellom anna delfinansiert av Helsedirektoratet.

Høgskulen i Sogn og Fjordane og Utdanningsforbundet deltek både i programstyret i System for styrka læring, og i relatert utviklingsarbeid elles i regionen og fylket.

Vurdering

Heile meininga med regionalt utviklingsarbeid er å styrke ”lagspelet” og utvikle komplementære ferdigheiter. Det handlar også om å spele på lag med andre aktørar for å oppnå felles mål. Vi kan ikkje gjere alt aleine eller kvar for oss. Sogn regionråd har god røynsle med å drive utviklingsarbeid i nært samkvem med strategiske allierte. I 2010 inngjekk vi til dømes ein partnerskapsavtale med NAV Arbeidslivssenter, Utdanningsforbundet og Høgskulen i Sogn og Fjordane om prosjektet ”Sats på barnehagen – snu Sogn”. Det grepet førte til at vi nådde måla i dei politiske vedtaka: Vi etablerte sju regionale fagnettverk for barnehagesektoren og 61 tilsette tok leiarutdanning på 30 studiepoeng i regi av HiSF.

No har vi teke initiativ til å lage ei tilsvarande partnarskapsavtale på området psykisk helse. Alle "veit" at dette er både riktig og viktig, og alle "veit" at ingen klarar å løyse dette åleine. Difor vil vi også denne gongen samarbeide med nære utviklingsallierte. Alle aktørane har det same målet, å styrke barn og unge si psykiske helse, trivsel og velvære. Eit slikt overordna mål når vi best gjennom koordinert samarbeid.

Ein partnarskapsavtale koordinerer og avklarar innsatsen til dei ulike aktørane, den bidreg til å setje framdrift i tiltaka – og ikkje minst; det styrkjer arbeidet med å søkje ekstern finansiering av tiltaka vi skal gjennomføre i barnehagane og skulane i Sogn.



Sogn regionråd

Postboks 153 - 6851 SOGNDAL



Fagnettverk psykisk helse: Korleis kan skulen styrkja elevane si psykiske helse?

Dato: Fredag 21. mars 2014
 Tid: 08.30 – 15.30
 Stad: Quality Hotel Sogndal
 Målgruppe: Tilsette i grunnskule, vidaregåande skule, barnevern, helsestasjon og PPT
 Kostnad: Faktura på dagpakke frå hotellet blir sendt til arbeidsplassen

Program

- 08.30 – 09.00 Oppmøte og kaffi
- 09.00 – 09.10 **Introduksjon: Fagnettverket for psykisk helse**
 Kva har vi gjort, og korleis skal vi jobba vidare?
 Claus Røynesdal, programleiar "System for styrka læring"
- 09.10 – 09.30 **Skolens rolle i å styrke psykisk helse**
 Anne Karin Hamre, fylkesmann i Sogn og Fjordane
- 09.30 – 10.15 **Erferingar frå bruk av "Psykologisk Førstehjelp" ved fire skular i Sogn**
 Om forskingsprosjektet til Sogn Regionråd, RKBU-Vest og Hemil-senteret (UiB)
Etablere arbeidsgrupper og arbeidsstrategi for nettverksdagen – og året
Helsefremjande arbeid i skulen, kva kan gjerast og kven gjer kva?
 Solrun Samnøy, forskar/ prosjektleiar, RKBU Vest
- 10.15 – 10.30 Kaffi og beinstrekk
- 10.30 – 12.00 **Psykisk helsearbeid som er integrert med kjerneoppgåvene til skulen**
 Professor Terje Ogden, Atferdssenteret – Unirand, UiO
- 12.00 – 12.45 Lunsj
- 12.45 – 14.00 **Arbeidsøkt**
 Korleis kan vi på den einskilde skule dra nytte av innspela i foredraga?
 Utdveksling av idear og framlegg til tiltak
- 14.00 – 14.15 **Kaffi og te**
- 14.15 – 15.00 **Presentasjon i plenum av arbeidsøkta**
- 15.00 – 15.30 **Oppsummering**
- 15.30 Vel heim!

Påmelding til postmottak.lus@leikanger.kommune.no innan 1. mars 2014

Versjon 01.09.2014

Partnerskapsavtale for styrka psykisk helse i barnehagar og skular i Sogn

1. Bakgrunn for samarbeidet

Dei ni kommunane i Sogn regionråd har styrking av psykisk helse i barnehagar og skular som eitt av seks hovudsatsingsområde i barnehage- og skuleutviklinga fram mot 2021.

Utviklingsprogrammet heiter "System for styrka læring". Det er eigd av Sogn regionråd, med fleire eksterne aktørar med i programstyret. Regionrådet vil også etablere samarbeid med andre eksterne forskings- og kompetansemiljø for å styrke forskings- og utviklingsarbeidet i Sogn. Kommunane i Sogn har lang røynsle med forpliktande samarbeid, både internt og saman med andre aktørar.

Ei så kompleks utfordring som barn og unge si psykiske helse krev samordna og koordinerte tiltak på fleire område. Forsking syner at 15 – 20% av alle ungdomar har psykiske problem som går ut over deira fungeringsevne. Dette kan ikkje løysast av den einskilde barnehage eller skule åleine. Her må fleire aktørar medvirke, i eit forpliktande og langsiktig samarbeid.

2. Avtalepartar

Avtalen er tufta på eit gjensidig forpliktande samarbeid mellom Høgskulen i Sogn og Fjordane, HEMIL-senteret, RKBV Vest, Utdanningsforbundet og Sogn regionråd med medlemskommunane Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal.

3. Tiltaks- og samarbeidsområde

Sogn regionråd har vedteke ein overordna tiltaksplan for "System for styrka læring". Det vil mellom anna seie at barnehage- og skuleeigar, og alle grunnskulane og barnehagane i regionrådskommunane skal arbeide med betra psykisk helse fram mot 2021. Her må vi ha tiltak på fleire nivå, sjølv om alle aktørane ikkje kan bidra på alle tiltaksområda. Kvar av partane skal bidra der det er relevant i høve kompetanse og ressursar. Partane skal samla sett samarbeide om fylgjande:

- A. Hovudmålet er å styrke det psykososiale lærings- og utviklingsmiljøet i barnehagar og skular, noko som kan koma alle barn og unge til gode.
- B. Vidare arbeid med planane og planverktøy for kommunane, regionrådet og programstyret. Vi tar mål av oss, gjennom ei medskapande utviklingsprosess, å skape ein felles regional plan for arbeidet med psykiske helse i barnehagar og skular.
- C. Utvikle det tverrfaglege samarbeidet mellom barnehage og skule, og barnevern, ppt og helsestasjonane.
- D. Kompetansehevande tiltak for heile personalgruppene. Vi må ha tiltak på arbeidsplassnivå som når alle medarbeidarane.
- E. Formal kompetanse: Dette samarbeidet skal utvikla eit studietilbod om psykisk helsefremjande arbeid, slik at personalet får høve til å ta formell og poenggjevande utdanning i regi av Høgskulen i Sogn og Fjordane.

- F. Kultur- og haldningsnivå: Gjennom kunnskapsformidling og haldingsarbeid skal vi auka medvit hjå personale i skular og barnehagar om kva ansvar og mogelegheit desse institusjonane har i å styrkja barn og unge si psykiske helse.
- G. Forsking: Vi har som målsetjing å gjennomføre eit omfattande forskingsarbeid om psykiske helse. Fyrste steg er å reise midlar til gjennomføring av eit PhD-arbeid i partnerskapen, som skal fylgja dei ulike stega i tiltaksutviklinga. På eit seinare tidspunkt vil det vere ønskjeleg med følgjeforsking på kva effekt ein felles regional plan kan få for barnehagane og skulane i regionråds kommunane.

4. Forplikting/ organisering av arbeidet

Samarbeidet skal byggje på god planlegging og ryddige avtalar frå alle partane i prosjektet. Partane skal etablere ein føremålstenleg samarbeidsstruktur. Sogn regionråd har det overordna ansvaret for utvikling og gjennomføring av tiltaka i partnerskapsavtalen. Partane innarbeider avtalen i sine planar og har ei jamleg dialog for å vidareutvikle samarbeidet. Partane forpliktar seg til å:

- A. Sikre politisk og administrativ forankring i eigen organisasjon.
- B. Informere aktivt i alle relevante ledd i eigen organisasjon.
- C. Bringe relevante satsingar inn i prosjektet.
- D. Bidra til å stille til rådvelde naudsynte ressursar for å kunne gjennomføre planlagde aktivitetar. Kvar av partane definerer omfanget av sitt bidrag/si rolle etter kvart som prosjektplanen vert meir konkret utforma.

5. Avtaleperiode, oppseiing og evaluering

Avtalen gjeld frå 1. oktober 2014, og følgj utviklingsprogrammet "System for styrka læring" fram til avslutning i 2021. Kvar av partane kan seie opp avtalen med seks månaders varsel. Partane skal kvart år ha eit fellesmøte, der vi evaluerer formål, tiltak, resultat og eventuelt justerer partnerskapsavtalen.

Sogndal, xx.yy.2014

Harald N. Offerdal
Ordførar
Leiar av Sogn regionråd

Åse Løkeland
Rektor
Høgskulen i Sogn og Fjordane

Kjell Morten Stormark
Forskingsleiar
RKBU Vest

Bente Wold
Professor
HEMIL-senteret

Anne Siri Bentsen
HTV
Utdanningsforbundet

Sogn regionråd

Saksh.: Karina Nerland
Arkivsak: 14/2856

Arkiv: 150

Saksnr.: Utval
20/14 Sogn regionråd

Møtedato
12.09.2014

Sak 20/14

Budsjettramme for 2015 Sogn regionråd

Tilråding:

Sogn regionråd vedtek budsjettramma for 2015 slik den ligg føre.

Vedlegg:

Framlegg til budsjettramme for 2015

Saksutgreiing:

Av omsyn til budsjettprosessen i kommunane legg administrasjonen fram budsjettramma for Sogn regionråd til dette møtet.

I budsjettramma for 2015 er det lagt inn deflator på 3% for løns- og kontorutgifter for stillingane og for avtalen om GIS-løysing. Totalt budsjett for Sogn regionråd er 5 154 000. Det er budsjettert med eksterne inntekter kr 954 000, kontingent kr 3 350 000 og fondsmidlar kr 850 000. Kontigenten dekker drift med kr 3 145 000 (sekretariatet, rådet, rådmannsgruppa, IKT, GIS-koordinator, programleiar for barnehage og skule, utviklingsrettleiar, fagnettverka og regionleiarfunksjon for barnehage og skule) og regionale utviklingstiltak med kr 205 000. I tillegg kjem kr 1 793 000 eksl mva til drift av kommunenett og GIS-løysing. Framlegg til budsjettramme følgjer vedlagt.

Budsjett for 2015 vil bli handsama i møtet 6.12.2014.

Vedlegg
Budsjettramme for 2015

		Budsjett 2014	Budsjettramme 2015
Generell - utan divspes			
10100	Løn faste stillingar inkl. sosiale utgifter	716 000	737 000
11002	Abonnement	2 000	2 000
11003	Faglitteratur og kartverk	2 000	2 000
11300	Telefonutgifter	5 000	5 000
11401	Andre annonser	4 000	4 000
11403	Representasjon (gåver og møteutgifter)	10 000	10 000
11500	Kurs og konferanser	10 000	10 000
11704	Reiseutgifter - tilsette (ikkje oppg.pl)	12 000	12 000
12002	Data- og kommunikasjonsutstyr	4 000	4 000
12900	Husleige, PC, arkiv mv (Internkjøp)	244 000	251 000
17500	Refusjon frå andre kommunar	-1 009 000	-1 037 000
		0	0
7502 Drift råd			
11151	Servering	50 000	50 000
11403	Representasjon (gåver og møteutgifter)	20 000	20 000
11704	Reiseutgifter - tilsette (ikkje oppg.pl)	20 000	20 000
17500	Refusjon frå andre kommunar	-90 000	-90 000
		0	0
7503 Rådmann			
11151	Servering	20 000	20 000
17500	Refusjon frå andre kommunar	-20 000	-20 000
		0	0
7510 Kommunenett *			
11301	Datakommunikasjon, linjeleige og drift	1 384 000	1 384 000
17500	Refusjon frå andre kommunar	-1 384 000	-1 384 000
		0	0
7511 IKT			
11151	Servering	3 000	2 000
11953	Kontigentar og medlemsskap	8 000	9 000
17500	Refusjon frå andre kommunar	-11 000	-11 000
		0	0
7512 GIS-koordinator			
10100	Lønsutgifter		
11300	Telefonutgifter	7 000	7 000
11151	Servering	5 000	5 000
11500	Kurs og konferanser	30 000	30 000
12900	Intern kjøp	5 000	5 000
14500	Overføring til Vik kommune	740 000	762 000
17500	Refusjon frå andre kommunar	-720 000	-740 000
17750	Refusjon frå IKS	-67 000	-69 000
		0	0
7513 GIS-løysing *			
11301	Datakommunikasjon, linjeleige og drift	471 000	485 000
17500	Refusjon frå andre kommunar	-397 000	-409 000
17750	Refusjon frå IKS	-74 000	-76 000
		0	0

7550 RUP			
12700	Konsulentonorar, ikkje oppg. pliktig	50 000	
14900	Avsetjing til seinare fordeling - kun budsjett	155 000	680 000
17500	Refusjon frå andre kommunar		-190 000
18300	Overføring frå fylkeskommunen	-90 000	-340 000
19500	Bruk av bundne fond	-115 000	-150 000
		0	0
7551 Reiseliv			
12700	Konsulentonorar	120 000	
14700	Overføring til andre (private)	240 000	240 000
15500	Avsetjing til bundne fond		
17500	Refusjon frå andre kommunar	-180 000	
18300	Overføring frå fylkeskommunen	-180 000	-120 000
19500	Bruk av bundne fond		-120 000
			0
7555 Rekruttering			
14700	Overføring til andre (private)	160 000	150 000
19500	Bruk av bundne fond	-90 000	-75 000
18300	Overføring frå fylkeskommunen	-70 000	-75 000
		0	0
7556 Næringsutvikling			
12700	Konsulentonorar	260 000	
18300	Overføring frå fylkeskommunen	-145 000	
19500	Bruk av bundne fond	-115 000	
		0	
7557 Ungdom			
11500	Kurs og konferansar	20 000	20 000
19500	Bruk av bundne fond	-20 000	-20 000
		0	0
7558 Bhg-skulesamarbeid adm			
10100	Løn faste stillingar inkl. sosiale utgifter	789 000	813 000
11003	Faglitteratur og kartverk	2 000	2 000
11300	Telefonutgifter	3 000	3 000
11403	Representasjon (gåver og møteutgifter)	10 000	10 000
11500	Kurs og konferansar	15 000	15 000
11704	Reiseutgifter - tilsette (ikkje oppg.pl)	20 000	20 000
12700	Konsulentonorar	370 000	
12900	Intern kjøp (husleige)	91 000	94 000
14500	Overføring til andre kommunar	60 000	
17500	Refusjon frå andre kommunar	-825 000	-957 000
17700	Refusjon frå andre (private)	-105 000	
19500	Bruk av bundne fond	-430 000	
		0	0
7559 Bhg-skule kompetanse			
14500	Overføring til kommunane	160 000	
18300	Overføring frå fylkeskommunen	-160 000	
		0	
7560 Entreprenørskap			
11500	Kurs og konferansar	120 000	120 000
11703	Anna persontransport	75 000	80 000
12700	Konsulentonorar, ikkje oppg.pl.	0	50 000

17500	Refusjon frå kommunar		-15 000
18500	Overføring frå kommunar	-15 000	-15 000
18300	Overføring frå fylkeskommunen	-15 000	-15 000
18900	Overføring frå andre (private)	-75 000	-75 000
19500	Bruk av bundne fond	-90 000	-130 000
		0	0
7561 Skule Fagnettverk			
14500	Overføring til andre kommunar	218 000	188 000
14700	Overføring til andre (private)	40 000	
17500	Refusjon frå kommunar	-208 000	-98 000
18106	Statstilskot	-40 000	
19500	Bruk av bundne fond	-10 000	-90 000
		0	0
7568 Utviklingsrettleiar			
11003	Faglitteratur og kartverk	2 000	3 000
11500	Kurs og konferanser	12 000	15 000
11704	Reiseutgifter - tilsette (ikkje oppg.pl)	38 000	45 000
14500	Overføring til Luster kommune	110 000	129 000
17500	Refusjon frå kommunar	-162 000	-192 000
		0	0
7563 Barnehage			
11500	Kurs og konferansar	235 000	235 000
14700	Overføring til andre	10 000	10 000
18106	Statstilskot	-245 000	-245 000
		0	0
7569 Prosjekt PP-teneste			
10100	Løn prosjektleiar inkl. sosiale utgifter		85 000
12700	Konsulenttenester		180 000
19500	Bruk av bundne fond		-265 000
		0	0

Kontingent for kommunane 2015

Kommune	Folketal 01.01.14	Fast del	Variabel del	Kontingent 2015	Kontingent 2014
Aurland	1 715	186111	88274	274 385	274 155
Balestrand	1 306	186111	67222	253 333	253 068
Høyanger	4 183	186111	215307	401 418	327 026*
Leikanger	2 268	186111	116738	302 849	302 665
Luster	5 089	186111	261941	448 052	448 107
Lærdal	2 174	186111	111900	298 011	297 819
Vik	2 688	186111	138357	324 468	324 319
Sogndal	7 623	186111	392371	578 482	578 751
Årdal	5 496	186111	282890	469 001	469 090
Totalt	32 542	1675000	1675000	3 350 000	3 275 000

*Medlem frå 1.3.2014

Kostnadsfordeling kommunenett for 2015

Kommune	Folketal 01.01.14	Fast del	Variabel del	Sum utan mva	25% mva	Totalt å betale
Aurland	1 715	86 500	41 848	128 348	32 087	160 436
Balestrand	1 306	86 500	31 868	118 368	29 592	147 960
Leikanger	2 268	86 500	55 342	141 842	35 461	177 303
Luster	5 089	86 500	124 179	210 679	52 670	263 349
Lærdal	2 174	86 500	53 049	139 549	34 887	174 436
Vik	2 688	86 500	65 591	152 091	38 023	190 114
Sogndal	7 623	86 500	186 012	272 512	68 128	340 640
Årdal	5 496	86 500	134 110	220 610	55 153	275 763
Totalt	28 359	692 000	692 000	1 384 000	346 000	1 730 000

Kostnadsfordeling GIS-løsning for 2015

Kommune	Folketal 01.01.14	Fast del	Variabel del	Sum utan mva	25% mva	Totalt å betale
Aurland	1 715	25 563	12 367	37 930	9 482	47 412
Balestrand	1 306	25 563	9 418	34 980	8 745	43 725
Leikanger	2 268	25 563	16 355	41 917	10 479	52 397
Luster	5 089	25 563	36 697	62 260	15 565	77 825
Lærdal	2 174	25 563	15 677	41 239	10 310	51 549
Vik	2 688	25 563	19 383	44 946	11 236	56 182
Sogndal	7 623	25 563	54 970	80 533	20 133	100 666
Årdal	5 496	25 563	39 632	65 195	16 299	81 493
Totalt	28 359	204 500	204 500	409 000	102 250	511 250

Sogn regionråd

Saksh.: Karina Nerland
 Arkivsak: 14/2140

Arkiv: N61

Saksnr.: Utval
 21/14 Sogn regionråd

Møtedato
 12.09.2014

Sak 21/14

Redusert postombering i distrikta - oppfordring om økonomisk stønad

Tilråding:

Sogn regionråd garanterer for inntil kr 40 000 av sakskostnadane i høve mogleg tap i ankesaka som åtte husstander fører mot Posten.

Vedlegg:

Redusert postombering i distrikta, brev frå Vest-Telemarkrådet 19.6.2014

Saksutgreiing:

Bakgrunn:

Vest-Telemarkrådet har i brev av 19. juni 2014 sendt oppfordring til regionråda/kommunane om økonomisk støtte i samband med ankesak mellom Samferdselsdepartementet/Posten Norge AS og 8 privatpersonar i Nome om redusert postombering i distrikta. Det vert vist til at saka er av stor prinsipiell betydning, og gjeld truleg fleire tusen husstandar på landsbasis. Postverket meiner at dei er fritekne for levering av strekningar med færre enn 3 husstander i gjennomsnitt pr kilometer og krev at postkassane vert flytta.

Dei 8 privatpersonane har vunne fram i Oslo Tingrett og fekk medhald i at reduksjon av postomberinga ikkje er heimla i lova og at posten skal leverast der adressatane bur.

Vest-Telemarkrådet sitt engasjement gjeld i høve mogleg tap i ankesaka. Dei meiner saka er så prinsipiell at det ikkje er rett at eit lite antal privatpersonar skal risikere å måtte bere desse kostnadane åleine.

Desse løyvingane er på plass så langt: Vest-Telemarkrådet kr 200 000, Telemark fylkeskommune kr 100 000 og Nome kommune kr 50 000.

Vurdering:

Bakgrunnen for at dei vender seg til regionråda/kommunane er at dette er ei prinsipiell sak som vedkjem husstander i mange kommunar. I tillegg til den økonomiske avlastinga for dei åtte privatpersonane, vil bidrag frå regionråd/kommunar gje signal til Staten/Posten at ein ikkje godtek reduksjon i postomberinga i distrikta. I kommunane i Vest-Telemark omfattar dette 5-10% av husstandane. Vi har ikkje oversikt over kor mange husstander dette gjeld i vår region, men det er grunn til å tru at også vår region har husstander som kan få eit dårlegare tilbod. Administrasjonen tilrår at Sogn regionråd stiller garanti for delar av sakskostnadane. Kr 40 000 av RUP-midlane kan setjast av til føremålet.



Til regionråda/kommunane

19. juni 2014

Redusert postombering i distrikta. Oppfordring til regionråda/kommunane om økonomisk støtte i samband med ankesak mellom Samferdselsdepartementet/Posten Norge AS og 8 privatpersonar i Nome.

Vest-Telemarkrådet vart i juni 2012 kontakta av Harald Omnes, som på vegne av 8 oppsittarar i Nome kommune i Telemark var i ferd med å anlegge sak mot Staten/Posten Norge AS i samband med krav om flytting av postkasser.

Bakgrunnen var at dei 8 oppsittarane er usamd i Postens tolking av konsesjonsbestemmelsane, der Postverket meiner seg fritatt for levering på strekningar med færre enn 3 husstandar i gjennomsnitt pr kilometer. Omnes hadde fått pålegg frå Postverket om å flytta postkassa 2,5 km unna dagens plassering. Tilsvarande krav om flytting er også gjort gjeldande for dei 7 andre oppsittarane.

Oppsittarane stevna etter dette Staten og Posten Norge for retten med påstand om at det ikkje er heimel for kravet om flytting.

Saken førte fram slik at Oslo Tingrett i si domsavseiing av 18. april 2013 gav dei 8 oppsittarane medhald i at Posten ikkje har høve til å legge til grunn unntaksbestemmelsen med krav om meir enn 3 husstandar pr. km veg. Staten/Posten Norge vart også idømt sakskostnadene.

Både Staten og Posten har seinare levert inn ankeerklæringar til Borgarting lagmannsrett med krav om frifinning og at motparten vert idømt sakskostnadene frå både tingretten og lagmannsretten. Ankesaken er beramma til 25. og 26. september 2014.

Sidan saken er av stor prinsipiell betydning og vil kunne medføre redusert kvalitet i postframføringa for hundrevis av husstandar berre i vår region, har Vest-Telemarkrådet engasjert seg i saken. I møte 21. mai 2013 gav Rådet støtte på inntil kr. 200 000,- i samband med mogleg tap i ankesaken.

Seinare har Telemark fylkeskommune løyvd kr. 100 000,- og Nome kommune har gitt løyving på kr. 50 000,-.

Samla sakskostnader i Tingretten er i storleik kr. 400 000,-. Eit mogleg tap i lagmannsretten vil kunne påføre tapande part eit tilsvarande beløp slik at samla sakskostnader kan kome opp i kr 800 000,-.

Vi vurderer saken å vera så prinsipiell at det ikkje er rett at eit lite antal privatpersonar skal risikere å måtte bere desse store kostnadene åleine.

Vi vender oss derfor til andre regionråd/kommunar og oppmodar om å bidra økonomisk ved eventuelt tap i saken. Ved å slutte opp om dette, vil ein avlaste privatpersonane som har "tatt støytten" så langt.

Ei god oppslutning vil også vera eit sterkt signal til Staten/Posten Norge AS om at saken er prinsipiell, og at ein ikkje godtek reduksjon av postomberinga i distrikta.


Telefon: 350 68400
Fax: 350 68401

E-post: vtr@vest-telemark.no
Web: www.vest-telemark.no

Bank: 2660.65.03724
Adresse: Granlivegen 1A
Veksthuset
3850 KVITSEID

Vi ber om gode vedtak i saken, og tilbakemelding pr. post til:
Vest-Telemarkrådet, Granlivegen 1A, 3850 Kviteseid
Eller som e-post til : kgh@vest-telemark.no
Nærare informasjon kan ein få ved å ringe regionrådsleiar Kjell Gunnar Heggenes på tlf 415 52775.

Venleg helsing
Vest-Telemarkrådet



Jon Svartdal
Regionordfører



Kjell Gunnar Heggenes
Regionrådsleiar

Sogn regionråd

Saksh.: Karina Nerland
 Arkivsak: 14/2758

Arkiv: 223 A40

Saksnr.: Utval
 22/14 Sogn regionråd

Møtedato
 12.09.2014

Sak 22/14

Investeringar ved Sogn jord- og hagebruksskule - medfinansiering

Tilråding:

Sogn regionråd kan medverka i arbeidet overfor sentrale styresmakter for å sikra framtida til Sogn Jord- og Hagebruksskule.

Sogn regionråd kan ikkje medverka til å drifta og finansiera investeringar for å fornya bygningsmassen ved skulen.

Vedlegg:

Brev frå Sogn og Fjordane fylkeskommune av 20.8.2014

Fråsegn frå Sogn regionråd av 12.5.2014

Brev frå Landbruks- og matdepartementet av 12.6.2014 og Kunnskapsdepartementet av 21.8.2014

Saksutgreiing:

Bakgrunn:

Sogn og Fjordane fylkeskommune spør om Sogn regionråd kan bidra med å finansiera drift og investering av Sogn Jord- og Hagebruksskule.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har kostnadsberekna nødvendige investeringar ved skulen til omla 80 mill. 2013-kr. 43 mill. av dette må løysast på kort sikt. I tillegg har fylkeskommunen årleg utgifter til løpande drift av landslinetilbodet på om lag kr 2,9 mill. kr, utover det som vert dekkja av det statlege tilskotet.

Fylkestinget handsama i møtet 11.6.2014 sak om investeringar og drift ved Sogn Jord- og Hagebruksskule, og fatta følgjande vedtak:

«Saka om investeringar og drift ved Sogn Jord- og Hagebruksskule vert å ta stilling til i samband med føreståande budsjett- og økonomiplanarbeid.

Fylkestinget ber om at det blir arbeidd vidare med å sikre ekstern medfinansiering og alternative måter å organisere eigedomsmassen på.

Det må arbeidast opp mot Kunnskapsdepartementet og statlege institusjonar for å få ei betre finansiering til drift av landslina for økologisk landbruk.»

Som oppfølging av første del av avsnitt to i fylkestinget sitt vedtak, har fylkeskommunen i brev av 20.8.2014 bedt om tilbakemelding om Sogn regionråd på nokon måte har høve til medverke til å løyse utfordringa med å få fullfinansiert drifta og ei nødvendig utbygging av skulen. Grunna det vidare arbeidet er det gitt svarfrist til 20. september.

Sogn regionråd støttar opp om arbeidet med å sikra framtida til Sogn Jord- og Hagebruksskule. I møtet 7. mai slutta Sogn regionråd seg til fråsegn til Sogn og Fjordane fylkeskommune, Kunnskapsdepartementet og Landbruks- og matdepartementet der rådet oppmoda om at framtida for skulen vert sikra. Dei to departementet viser i svarbrev til at investeringar i skulebygg er eit fylkeskommunalt ansvar. På politikardagen 26. mai gav regionrådet støtte til arbeidet med å utvikla skulen og det økologiske kompetansemiljøet og at dei nødvendige investeringane vert teke.

Aurland kommune vil bidra med inntil kr 5 mill i stiftingskapital dersom det vert oppretta ei stifting, ei løysing som fylkeskommunen ikkje vurderer som aktuell.

Slik vi forstår det kontaktar fylkeskommunen no aktuelle støttespelarar som har vist engasjement for skulen og spør om medfinansiering av drift og utbygging.

Vurdering:

Sogn Jord- og Hagebruksskule er einaståande i landet og er det einaste heiløkologiske utdanningstilbodet på vidaregåande nivå i Norge. Ei opprusting av skulen er fylkeskommunen sitt ansvar. Samstundes er verdiskapinga som følgjer av skulen som aktivitets-, kunnskaps- og opplevingssenter av stor nasjonal interesse, men staten vil ikkje bidra med midlar til investering. Som det framgår av vår regionalplan – kap 4 arbeidsform – er Sogn regionråd si rolle å arbeida for å påverke og vera lobbyist i høve avgjerdstakar. Administrasjonen si vurdering er at rådet kan ha ei rolle i å arbeide overfor sentrale styresmakter for å sikra framtida til skulen, men at regionrådet ikkje kan medverka til å finansiera investeringar eller drift av skulen.



Sogn regionråd

Opplæringsavdelinga

Sakshandsamar:
Ingeborg Lie Fredheim
E-post: ingeborg.lie.fredheim@sfj.no
Tlf.: 57 65 62 23

Vår ref.
Sak nr.: 13/6653-35
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.
22203/14
Dykkar ref.

Dato
LEIKANGER, 20.08.2014

Oppfølging av vedtak i fylkestingssak 14/14 Investeringar og drift ved Sogn jord- og hagebruksskule - ekstern medfinansiering

Vi takkar for dykkar engasjement gjennom brev datert 12.05.2014.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har kostnadsrekna naudsynte investeringar ved Sogn jord- og hagebruksskule til om lag om lag 80 mill. 2013-kr. 43 mill. kr av dette må løysast på kort sikt.

I tillegg har fylkeskommunen årleg utgifter til løpande drift av landslinetilbodet på om lag 2,9 mill. kr, utover det som vert dekkja av det statlege tilskotet.

Fylkestinget i Sogn og Fjordane handsama i møte 11.06.14 FT-sak 14/14 Investeringar og drift ved Sogn jord- og hagebruksskule. Fylkestinget gjorde følgjande samrøystes vedtak i saka:

«Saka om investeringar og drift ved Sogn jord- og hagebruksskule vert å ta stilling til i samband med føreståande budsjett- og økonomiplanarbeid.

Fylkestinget ber om at det blir arbeidd vidare med å sikre ekstern medfinansiering og alternative måtar å organisere eigedomsmassen på.

Det må arbeidast opp mot Kunnskapsdepartementet og statlege institusjonar for å få ei betre finansiering til drift av landslina for økologisk landbruk.»

Som oppfølging av første del av avsnitt to i fylkestinget sitt vedtak, torer vi be om tilbakemelding på om de på nokon måte har høve til å medverke til å løyse utfordringa med å få fullfinansiert drifta og ei naudsynt utbygging av Sogn jord- og hagebruksskule.

Med tanke på det vidare arbeidet i saka ber vi om tilbakemelding innan 20. september 2014.

Med helsing

Tore Eriksen
fylkesrådmann

Bekka Skaasheim
fylkesdirektør for opplæring

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift





Sogn regionråd

Postboks 153 - 6851 SOGNDAL

Sakshandsamar:
Karina Nerland
Tlf: 57 62 96 14
Vår ref.
14/1498-1
Dato
12.05.2014

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Kunnskapsdepartementet
Landbruks- og matdepartementet

Framtida for Sogn Jord- og Hagebruksskule

Sogn regionråd er eit samarbeidsorgan for kommunane Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal.

Sogn regionråd oppmodar om at Sogn og Fjordane fylkeskommune og Staten sikrar framtida for Sogn Jord- og Hagebruksskule.

Sogn regionråd ser på Sogn Jord- og Hagebruksskule som ein viktig regional og nasjonal institusjon for opplæring, kompetansebygging og næringsutvikling knytt til økologisk landbruk. No er det nødvendig å fornya bygningsmassen slik at ein kan tryggja og vidareutvikla alle tilboda ved skulen.

Sogn Jord- og Hagebruksskule – verdiar for framtida

- Landslinje økologisk landbruk Vg 2 og Vg 3 – plass til 52 elevar
- Skulegardsbruk med gartneri som vert drive økologisk
- Ressurssenter for kurs og utviklingsprosjekt i økologisk landbruk og småskala næringsutvikling i landbruket
- Kompetansenav for matfag med foredling av lokale råvarer
- Nasjonalt fagmiljø for foredling av rå, upasteurisert mjølk
- Samarbeidsprosjekt med Norges miljø- og biovitenskapelige universitet på Ås om stadbasert entreprenørskap og læring
- Fremjar nasjonale mål om økologisk produksjon og forbruk
- Samsvarer med auka etterspurnad i marknaden etter økologiske varer

Undervisning er basisverksemd ved Sogn Jord- og Hagebruksskule og ein føresetnad for dei andre aktivitetane som etter kvart har auka i omfang. Meir enn 50 % av inntektene kjem no frå gardsdrifta, prosjekt og kursverksemd. Det samla aktivitetane ved Sogn Jord- og Hagebruksskule tilseier at både fylkeskommune og stat er med på å finansiera dei heilt nødvendige investeringane ved skulen.

Med helsing

Harald Offerdal
leiar i Sogn regionråd

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift



Sogn regionråd
Pb 153
6851 SOGNDAL

Deres ref	Vår ref	Dato
14/1498	11/1055-	12.6.2014

Framtida for Sogn Jord- og Hagebruksskole

Det vises til brev fra Sogn regionråd datert 12.5.2014 til Sogn og Fjordane fylkeskommune, Kunnskapsdepartementet (KD) og Landbruks- og matdepartementet (LMD). I brevet oppfordres det til at Sogn og Fjordane fylkeskommune og Staten sikrer framtidig drift ved Sogn Jord- og Hagebruksskole gjennom å bidra med midler til å fornye bygningsmassen ved skolen.

Det har de siste årene vært flere henvendelser fra Sogn Jord- og Hagebruksskole og Sogn og Fjordane fylkeskommune angående behov for investeringsmidler ved skolen både til LMD og KD.

LMD har ingen ordninger over jordbruksavtalen eller statsbudsjettet som kan brukes til denne typen tiltak. Investeringer i bygninger ved videregående skoler er et fylkeskommunalt ansvar selv om det dreier seg om landslinjer. LMD kan derfor ikke gå inn med investeringsmidler til en enkelt videregående skole.

Det vises for øvrig til Kunnskapsministerens svar på spørsmål om Sogn Jord- og Hagebruksskole fra Rasmus Hansson i ordinær spørretime i Stortinget 28.5.2014 (sak 2 spørsmål nr 13).

Postadresse Postboks 8007 Dep 0030 Oslo postmottak@lmd.dep.no	Besøksadresse Teatergata 9 www.lmd.dep.no	Telefon* 22 24 90 90 Org no. 972 417 874	Avdeling for forskning, innovasjon og regionalpolitikk	Saksbehandler Knut Henrik Hvithammer 22249265
--	---	---	--	--

Med hilsen

Wenche Østrem (e.f.)
avdelingsdirektør

Knut Henrik Hvithammer
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer



Sogn regionråd

Dykkar ref

Vår ref
14/179-

Dato
21.08.14

Svar på fråsegn om Sogn Jord- og Hagebruksskule

Departementet viser til brev av 12. mai 2014 til Kunnskapsdepartementet og Landsbruks- og matdepartementet. I brevet oppmodar de til at staten bidreg til å finansiere investeringar i nye areal ved Sogn Jord- og Hagebruksskule.

Sogn Jord- og Hagebruksskule har eit landslinetilbod som får statleg tilskott over Kunnskapsdepartementets budsjett. Finansiering av investeringar i skolebygg er eit fylkeskommunalt ansvar, det gjeld også for landslinene. Kunnskapsdepartementet kan derfor ikkje medverke til å finansiere bygningsmessige investeringar ved Sogn jord- og hagebruksskule.

Med helsing

Ann Helen Elgsæther (e.f.)
avdelingsdirektør

Bodil Hafsås
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikkje handskrivne signaturar.

Kopi til:
Landbruks- og matdepartementet

Postadresse
Postboks 8119 Dep
0032 Oslo
postmottak@kd.dep.no

Kontoradresse
Kirkeg. 18
<http://www.kd.dep.no/>

Telefon*
22 24 90 90*
Org no.
872 417 842

Opplæringsavdelinga

Sakshandsamar
Bodil Hafsås
22 24 73 82

Sogn regionråd

Saksh.: Karina Nerland
Arkivsak: 14/746

Arkiv: 065

Saksnr.: Utval
23/14 Sogn regionråd

Møtedato
12.09.2014

Sak 23/14

Orienteringssaker 12.09.2014

Orienteringar og drøftingar

1. Leiar
2. Helsegruppa, næringsutvikling-/RUP-gruppa og samferdslegruppa
3. Rådmannsgruppa
4. Administrasjonen
5. Læringleplassar – status. Korleis styrka tilbodet om læringleplassar?
Per Jørgen Loen, opplæringsavdelinga, Sogn og Fjordane fylkeskommune
6. Nye driftsavtaler med Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane frå 2015 ved Anne-Marie Førde, direktør Musea i Sogn og Fjordane
7. Fylkesprosjektet «Felles innsats for samfunnsdeltaking og inkludering» med tanke på både flyktningar og arbeidsinnvandrarar ved Knut Eithungjerde, NAV, Thorvald Røneid Moen, Fylkesmannen og Jan Ryste, KS.
8. «Strategi for arbeidet med EØS-saker i Sogn og Fjordane ved Jan Ryste, KS.

Skriv og meldingar

1. Evalueringsrapport - Entreprenørskapsmessa i Lærdal 7. mai 2014
2. Fagnettverk i entreprenørskap 23.9.2014 – program
3. Partssamarbeid for helsefremmande barnehagar 14.10.2014 – program
4. Fisketom Sognefjord – Oppfølging etter seminar, frå Per-Arvid Hauge, 12.8.2014
5. Læringleplassar - styrka tilbod, møtereferat av 26.8.2014
6. Anbud på regionale ruteflygingar frå 1.4.2016 – høyring, brev frå Sogn og Fjordane fylkeskommune av 22. august med brev frå Samferdselsdepartementet av 26.6.2014 og forslag til anbudsopplegg (rapport frå TØI og Møreforsking)



Sogn regionråd

Postboks 153 - 6851 SOGNDAL

System for
styrka læring

Barnehage- og skuleutvikling i Sogn regionråd 2013 - 2021

Evalueringsrapport - Entreprenørskapsmessa i Lærdal 7. mai 2014

Bakgrunn: Kvifor messa og satsing på entreprenørskap?

Opplæringslov og læreplanar gjeld for alle kommunane i landet. Men skuleeigarskapen i distrikta handlar ikkje berre om danning og utdanning. Vi har ei dobbel utfordring: Folketalet i fylket er om lag det same i 2014 som i år 1900. Det fordrar at skuleeigarar i distrikta må ta andre og aktive grep for å knyte band, bygge relasjonar, synleggjere moglegheiter og mangfald i lokalt og regionalt arbeids- og næringsliv. Vi må redusere, stogge og førebyggje flyttestraumen til urbane strok.

Satsinga på entreprenørskap er ikkje tufta på ei naiv forventning om at ungdom skal starte egne verksemdar i hopetal. Dei fleste av oss startar ikkje egne verksemdar. Entreprenørskap i klassisk økonomisk forståing er grunnleggjande viktig. Men i skulen må vi også dyrke entreprenørskap som ein læringsstrategi for å nå måla i læreplanane. Det handlar om å utvikle elevane sine personlege eigenskapar, haldningar, kunnskapar og kreative ferdigheiter. Vi kan alle lære oss å sjå problem og utfordringar som moglegheiter til å skape verdiar. Ved å gje elevane trening i kreativitet, humor, problemløysing, samarbeid og kommunikasjon, kan dei bidra til å utvikle organisasjonar og verksemdar frå sin ståstad – heile livet. I tillegg må vi også synleggjere og marknadsføre moglegheitene vi har i regionen. Det er avgjerande viktig for framtida at ungdomen har god kjennskap til nærings- og arbeidsmarknaden.

Entreprenørskap har lenge vore ei hovudberbejelke i skulesatsinga i regi av Sogn regionråd, både i prosjektet "Sats på skulen – snu Sogn" 2006 – 2012 og i programmet "System for styrka læring" 2013 – 2021. Den raude tråden ser vi slik:

1. Dei fire leiarutdanningskulla for skule og barnehage har vore tufta på entreprenørskap
2. Regionalt fagnettverk i entreprenørskap for barneskulane til og med vidaregåande skule
3. Vi har regionale entreprenørskapsmesser for alle dei 12 ungdomsskulane i indre Sogn
4. Regionrådet har saman med HiSF starta eit pilotstudie på 30 studiepoeng i entreprenørskap
5. På beddinga ligg arbeid med å lage eit felles valfag for ungdomsskulane i Sogn (57t/i året)

Konkret om entreprenørskapsmessene

Første messe vart arrangert i Balestrand i 2009. Det er vertskommune, Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane (UE) og Sogn regionråd som arrangerer messene. Regionrådet er økonomisk og juridisk ansvarleg for messene. Kvart år er det eit nytt vertskap. Det gir mangfald og variasjon, men også utfordringar for kommunen når det er første gongen. Samstundes er arrangementet prega av kontinuitet. Frå UE har Holger Aasen og Jørn Helgheim vore med sidan oppstarten i 2009, og programleiar Claus Røynevdal og Arve Tokvam (no nærings sjef i Lærdal) har arrangert messene frå og med 2010. Kontinuitet har vore ein føresetnad for kvalitet. Vi har mange mål med messene:

- Vi skal byggje omdømme, marknadsføre og gje dei tilreisande elevane eit positivt bilete og god oppleving av vertskommunen
- Ungdom frå vertskommunen skal kle rolla som ambassadørar, guidar og godt vertskap
- Vi skal synleggjere eit mangfald av moglegheiter i lokalt arbeids- og næringsliv
- Vi skal vere ei scene for lokale utøvande musikarar, helst ungdom frå eigen kommune

- Vi skal gje alle dei tilreisande ungdomane frå alle 8. klassane i regionen eit inspirerende besøk hjå ei bedrift, eit motiverande føredrag i plenum og synfaring/ vurdering av dei om lag 25 elevbedriftene frå 9. klassane som stiller ut på messa
- Skape felles opplevingar, felles referanserammer og gjere ungdom litt meir kjende i Sogn
- Vere ein regional "finale" og motivasjonsfaktor for arbeidet med entreprenørskap og elevbedrifter på dei einskilde skulane

Entreprenørskapsmessa i Lærdal 7. mai 2014

Lærdal var den sjetteste vertskommunen. Vi hadde oppstartsmøte på Lærdalsøyri skule 16.12.2013. Hovudtema på oppstartsmøte og dei komande arbeidsmøta var: organisering, vertskapsrolla, økonomi, arbeid med programmet, kultur- og underhaldning, premiekategoriar, bedriftsbesøk, praktisk tilrettelegging, transport og kommunikasjon med skulane. Arbeidsgruppa for messa var ordførar Jan Geir Solheim, næringsssjef Arve Tokvam og Odd Helge Brugrand frå Lærdal Næringsutvikling, lærar/rådgjevar Gunn Beathe Sjøthun, rektor i kulturskulen Magne Grøtnebø og programleiar Claus Røynesdal.

Arbeidsmøte 20. januar vart naturleg avlyst på grunn av brannen. Vi hadde difor berre arbeidsmøte 24. februar og 7. april, altså tre møte inkludert oppstartsmøte. Førebudde møter og effektiv bruk av tid og dreieboka. God intern arbeidsfordeling og oppfølging av fordelte oppgåver. Vi har lagt stor vekt på å lage gode brosjyrar for messene. Odd Helge Brugrand frå Lærdal Næringsutvikling lagde ei framifrå brosjyre. Denne er viktig for å informere foreldra, motivere dei deltakande elevane og for å marknadsføre kommunen og skuleutviklingsarbeidet i regionen.

Både kommunane og skulane i regionen har ulike planar, strategiar og tiltak knytt til entreprenørskap. Det er stor val- og metodefridom i arbeid med entreprenørskap. Når vi vurderer kvaliteten på entreprenørskapsmessene må vi skilje mellom det vi vaksne gjer i organisering og tilrettelegging av sjølve messa, og arbeidet med entreprenørskap ute i klasseromma før elevane kjem til sjølve messa.

Også på messa i Lærdal konstanterte vi ei stegvis stigning i kvaliteten på elevverksemdene. Skulane og elevbedriftene er blitt særskilt betre på profilering, presentasjon og kommunikasjon. Det er ønskjeleg at vi blir endå betre på innovasjon og nyskaping, og at fleire skular kan ta i bruk metodikken gründercamp, det vil seie å arbeide med relevante problemstillingar frå næringslivet. Samstundes er arbeidet med entreprenørskap ein prosess. Messa er ikkje eit endemål, snarare ein etappe i stafetten med å gjere ungdomsskuletida meir variert, meir utfordrande og det å lære elevane til å sjå fleire moglegheiter. Vi ser at lærarane og elevane har gjort eit framifrå arbeid. Samstundes kan vi bli inspirerte til å bli endå betre.

For første gong hadde vi klart å koordinere messa med planlagde møte i Barnehage- og skuleregion Sogn ("skulesjefane") og det formelle møtet til Sogn regionråd. Det var veldig positivt at alle ordførarane i alle dei ni kommunane var tilstades på messa. Pedagogisk ansvarleg i det nasjonale sekretariatet for Ungt Entreprenørskap i Noreg, Cathrine Jansen, var også gjest på messa. Ho var spesielt nøgd med breidda og variasjonen i aktivitetane på messa, og den solide administrative og politiske forankringa.

Vi ser ikkje noko poeng i å gje terningkast eller karakter, men vi må evaluere og vurdere – både for å gjere messene betre, men også for å styrke arbeidet med entreprenørskap på skulane. Det er jo det som er det eigentlege målet med messene. Vedlagt er eit døme på attendemelding frå skulane.

Claus Røynesdal
Sogndal 07.07.2014



Fagnettverk i entreprenørskap

Dato: 23.09.2014
 Stad: Sogndal, Kvåle skule
 Tid: 08.45 – 15.00
 Målgruppe: Lærarar og skuleleiarar i barneskule, ungdomsskule og vidaregåande skule
 Næringssefane i Sogn
 Arrangør: Sogn regionråd og Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane

Program

- 08.45 – 09.00 Oppmøte og kaffi
- 09.00 – 09.10 Opning og velkomst
 Jarle Aarvoll, ordførar i Sogndal kommune
- 09.10 – 09.30 Entreprenørskap som strategi for skuleutvikling
 Geir Navarsete, rektor Kaupanger skule, Sogndal
- 09.30 – 09.50 Byggetrinna i arbeidet med entreprenørskap i Sogn: Fagnettverk, entreprenørskapsmesse, formell utdanning i entreprenørskap – og felles regionalt valfag i entreprenørskap for ungdomsskulane i Sogn
 Jan Geir Solheim, ordførar i Lærdal kommune/ arbeidsgruppa valfag
- 09.50 – 10.00 Kaffi
- 10.00 – 10.45 Nytt frå Ungt Entreprenørskap
 Holger Aasen og Jørn Helgheim, Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane
- 10.45 – 11.30 Erfaringane frå pilotstudiet i entreprenørskap: Innhald og vegen vidare
 Frode Haara, ph.d. HiSF/ Inger Karin Røe Ødegaard, ph.d/ HiSF
- 11.30 – 12.30 Lunsj
- 12.30 – 14.00 Gründer i Sogn – med verda som marknad
 Presentasjon og dialogmøte med gründerverksemdar i Sogndal
- 14.00 – 14.45 Refleksjon og idemyldring: Korleis styrke den raude tråden mellom entreprenørskap i skulen og næringsutvikling i Sogn?
 Aud Kari Isane, kommunalsjef i Sogndal kommune
- 14.45 – 15.00 Oppsummering og vel heim

Påmelding innan **12. september** til postmottak.lus@leikanger.kommune.no

Vel møtt!

Claus Røynesdal
 Programleiar System for styrka læring

Holger Aasen
 Dagleg leiar Ungt Entreprenørskap S&F

Til **Sogn Regionråd**
 Postboks 153
 6851 SOGNDAL

Skjolden, 12. august 2014

Vedr. **“Fisketom Sognefjord”**, og oppfølging av seminar på Høgskulen 5. og 6. juni 2014.

Viser til seminar på Høgskulen i Sogn og Fjordane, torsdag 5. og fredag 6. juni 2014, der det var eit breitt fagleg innhold og mange seriøse forvaltnings- og forsknings institusjonar som var tilstades.

Sogn Regionråd var ein av dei som var med på å finansiera dette seminaret og det var fleire som meinte at dette måtte ein forsøka å følgja opp, slik at ein kunne “få fisk att i Sognefjorden”.

Ordførar Ivar Kvalen, Luster kommune, var sitert på at ein måtte få fisk att i “fisketom Sognefjord” og at dette var noko **Torbjørn Dahle** hadde sett i Sogn Avis og som gjorde at han hadde tatt utfordringen med at kanskje så var Høgskulen i Sogn og Fjordane rette organ til å starta denne prosessen, og difor vart dette seminaret arrangert i på Høgskulen i Sogndal, 5. og 6. juni 2014.


Det var jo fleire ordførar på seminaret frå kommunar i Sogn Regionråd, og viste såleis sin interesse for dette **TEMA: “Fisketom Sognefjord”**, og at det “ikkje er fisk i Sognefjorden” er vel noko mange som bur langs Sognefjorden merkar til dagleg og som såleis manglar dette trivselstilbodet. Kanskje også lokalt reiseliv/næringsliv i Sognefjordområdet vil ha positive verknader av at ein kan bruka aktivitet på Sognefjorden som profilering i reiseliv og i rekruttringen etter fagleg arbeidskraft.

Det var mange gode faglege foredrag frå mange forskjellige foredragsholdere, og slik eg oppfatta det så var det nokre **“straktiltak”** ein kanskje med enkle midlar kunne starta med og som ville merkast rakst, og såleis vera med på å få til ein god start **“på å få fisk att i Sognefjorden”**.

1. Å få oppdrettsannlegg i Sogn over i **“lukka oppdrettsannlegg”** er vel eit godt miljøtiltak som vil spara kloakkutslipp tilsvarande ca. 40.000 personar pr. oppdrettsannlegg, og mindre lakselus.
2. **Å forby lysfiske etter brisling** var vel noko fleire var inne på ville ha gode verknader på kort og lang sikt, sidan dei sterke lyskastarane trekte til seg all slags fisk, også djupvannsfisk, og såleis førte til at det vart tatt mykje anna fisk i garna enn brisling og sild. **Tiltak: forby lysfiske.** Brislingfiskarar kan bruka mange tekniske hjelpemiddel når dei fiskar kvart år, men ikkje lysfiske.
3. **Årlege teljingar** etter kobbe, oter, mink, m.m. slik at ein kan sjå om det også på dette området er “er ein ubalanse i predatorar i Sognefjordbassenget”, og eventuelt setja inn tiltak til forbedring.
4. **Torbjørn Dahle** antyda på seminaret at ein kanskje skulle kalla inn til ei **oppfølgingsgruppe**, som kunne jobba vidare med å få fisk att i Sognefjorden.
Kunne eit 3-årig prosjekt, med trekk/erfaring frå stadnamnprosjektet i Luster Kommune vera ein måte å koma vidare på, der ein hadde ein heiltids annsatt person som jobba opp mot ulike miljø som på ulike måtar er med på å bestamma kva som kan skje i Sognefjordbassenget.
Dette prosjektet kjenner ordførar Ivar Kvalen godt til, og kan sikkert gje utfyllande opplysningar.

Det kunne kanskje vera interessant å få undersøkt kor mykje pengar/omsetning dei som leiger laks- og sjørret fiske **legg att i tillegg til sjølve fiskeleiga**, når dei er å fiskar i Sogneelvar.
 Kanskje Lærdalselvi åleine tilfører sitt nærområdet meir enn 10 millionar årleg.
 Kva er nytteeffekt i Sogneregion av elvane ut til Lavik, og i forhold til lokal nytte av brislingsfiske.
Dette er omsetning som dryp på mange både elveeigarar og lokalt reise-og næringsliv, og er viktig.

Med helsing Per-Arvid Hauge, 6876 Skjolden





Referat

Lærlingeplassar - styrka tilbod i kommunane og private verksemdar

Deltakarar:

Per Jørgen Loen, Sogn og Fjordane fylkeskommune

Eivind Husabø, Ungt Entreprenørskap (video)

Claus Røynesdal og Karina Nerland, Sogn regionråd

Forfall: Holger Aasen, NHO

Møtedato: 19.8.2014

Stad: Fylkeshuset

Referent: Karina Nerland

Sogn regionråd har styrka tilbod for lærlingeplassar i kommunane og i private verksemdar som eitt tiltak i tiltaksplanen. Føremålet med møtet var å diskutera på kva måte regionrådet kan bidra i dette arbeidet.

Partane i arbeidslivet har inngått ein samfunnskontrakt for fleire læreplassar. Å tilby lærlingeplassar er eit viktig verkemiddel for å skaffa norsk næringsliv nødvendig fagkompetanse i åra framover. Tal elevar går ned i fylket og det vil bli kamp om arbeidskrafta. Det er truleg mange verksemdar som ikkje har teke dette innover seg. Å styrka tilbodet av lærlingeplassar vil kunne bidra til å redusera fråfallet frå vidaregåande opplæring.

Det er om lag 500 lærlingeplasser i fylket og vår region har 1/4 av desse. Verksemdar som tek inn lærlingar er ikkje plikta til å gje dei arbeid etter lærlingeperioden.

Forslag til tiltak for å styrka lærlingeordninga:

- Partnerskapsavtale med Sogn og Fjordane fylkeskommune, NHO, Ungt Entreprenørskap og Sogn regionråd om at vi skal samarbeida om å styrka tilbodet om lærlingeplassar i regionen. Framtidsfylket bør inviterast til å vera med i partnerskapen
- Lærlingeordninga er aktuelt tema å spela inn på ei KS-samling
- Regional samling med næringsnettverket i Sogn og aktuelle tilsette i kommunane (t.d. personalmedarbeidar og skulefagleg ansvarleg)
- Utgangspunktet er at kvar kommune tek ansvar for «sine» lærlingar. Konkret kan dette gjerast slik:
 - Arbeidsgruppe i kvar kommune (t.d. næringsansvarleg, personalmedarbeidar og skulefagleg ansvarleg)
 - Fylkeskommunen lagar oversikt over elevar frå VG1 og VG2 kvar haust som går til arbeidsgruppene
 - Fylkeskommunen syter for godt brosjyremateriell som næringsansvarlege kan ta med til verksemdene
 - Kommunane vurderer årleg behovet for lærlingeplassar og tal lærlingeplassar

Vidare oppfølging og konkretisering av aktuelle tiltak vil bli teke med i Sogn regionråd sitt arbeid med tiltaksplanen for 2015.



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Samferdsleavdelinga

Sakshandsamar:
Ole Ingar Hagen Hæreid
E-post: Ole.Ingar.Hagen.Hæreid@sfj.no
Tlf.: 57656251

Vår ref.
Sak nr.: 14/4481-2
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.
25968/14
Dykkar ref.

Dato
LEIKANGER, 22.08.2014

Adresseliste

Høyring - Anbud på regionale ruteflygingar i Sør-Noreg frå 1. april 2016

Samferdsledepartementet har starta arbeidet med å gjennomfør nytt anbud på regionale ruteflygingar i Sør-Noreg frå 1. april 2016. I samband med dette er fylkeskommunane inviterte til å kome med innspel til utforminga anbud på regionale ruteflygingar i Sør - Noreg med oppstart 1. april 2016. Departementet si hovudmålsetting med denne høyringsrunden er å klargjere fylkeskommunen sine vurderingar og prioriteringar med omsyn til dei krav som skal gjelde for forplikting til offentleg tenesteyting (FOT) og anbudet for regionale ruteflygingar i neste anbodsperiode.

Anbuds kontraktane for følgjande ruteområde går ut 31. mars 2016:

- Florø – Oslo, Florø – Bergen
- Førde – Oslo, Førde – Bergen
- Sogndal – Oslo, Sogndal – Bergen
- Sandane – Oslo, Sandane – Bergen
- Ørsta-Volda – Oslo, Ørsta-Volda – Bergen
- Fagernes – Oslo
- Røros – Oslo

Som ein del av arbeidet med nytt flyruteanbud har departementet fått gjennomført ei ekstern utgreiing av anbudsopplegg for regionale ruteflygingar i Sør - Noreg frå 1. april 2016. Denne rapporten vil utgjere ein del av avgjerdsgrunnlaget for departementet si utforming av anbuds kriteria. Rapporten følgjer vedlagt.

Høyringsfristen for fylkeskommunen er sett til 31. oktober 2014. Vi legg opp til at denne saka skal leggast fram til politisk handsaming 29. oktober. Vi ber difor om innspel frå Dykk innan 22. september 2014.

Med helsing

Ole Ingar Hagen Hæreid
nestleiar samferdsleavdelinga

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:

Høyring - Anbud på regionale ruteflyginger i Sør-Norge frå 1. april 2016
TØI rapport 1331/2014



Mottakar (ar)

Flora kommune Markegata 51 6900 FLORØ
Gaular Kommune 6973 SANDE I SUNNFJORD
Førde kommune Postboks 338 6802 FØRDE
Gløppen kommune Grandavegen 9 6823 SANDANE
Sogndal kommune Postboks 153 6851 SOGNDAL
Statens vegvesen Region Vest Askedalen 4 6863 LEIKANGER
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane Njøsavegen 2 6863 LEIKANGER
Direktoratet for forvaltning og IKT Postboks 8115 Dep 0032 OSLO
Helse Førde 6800 FØRDE
Nordfjorderrådet Rådhusv. 11 6770 NORDFJORDEID
Regionrådet i HAFS c/o Lutelandet Utvikling 6963 DALE I SUNNFJORD
Samarbeid i Sunnfjord, SIS v/Førde kommune, Håkon Fimland Postboks 336 6802 FØRDE
Sogn Regionråd v/Sogndal kommune Postboks 153 6851 SOGNDAL
Posten Norge AS Postboks 1500 Sentrum 0001 OSLO

Kopi til: